

Grunneigarar og andre med verksemd i verneområda i SVR

Dykkar ref.

Vår ref. (oppgi ved svar)  
Sak nr. 2013/679 / FMROAOD

Dato  
01.02.2013

## OPPSTARTSMELDING FOR ARBEIDE MED REVIDERING AV FORVALTNINGSPLANANE FOR VERNEOMRÅDA I SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE OG FRAFJORDHEIANE

Verneområdestyret melder med dette frå om at arbeide med å revidere forvaltningsplanane i verneområda i SVR nå settast i gang. Den reviderte forvaltningsplanen vil ha ein felles overbygging for alle verneområda, men og ein del kor dei ulike verneområda blir presentert kvar for seg.

Vi ber i samband med dette om innspel på følgjande tema:

- Korleis har den gamle forvaltningsplanen fungert for ditt område?
- Kva for tema bør takast opp i den reviderte forvaltningsplanen?
- Konkrete innspel på nåverande og planlagt bruk av verneområda som bør avklarast i forvaltningsplanen.
- Innspel på framdriftsplanen og organiseringa av arbeidet med forvaltningsplanen.

Fristen for å komme med innspel er sett til **31.05.2013**.

Du kan komme med innspel på følgjande måtar:

Telefon: 48044583 (Verneområdeforvaltar Alf Odden)

E-post: [alf.odden@svr.no](mailto:alf.odden@svr.no)

Brev: Alf Odden, SVR, Suldal kommune, 4230 Sand

Personlig fram møte: Det blir skipa til opne kontordagar i alle kommunane vinteren/våren 2013

### Bakgrunn

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane vart oppretta av Miljøverndepartementet 15 mars 2011. Med dette vart det og slutt på prøveordninga med at kvar kommune hadde lokal forvaltningsmynde for sine delar av verneområda. I samband med innføringa av den nye forvaltningsordninga, vart verneområdestyret oppmoda av Direktoratet for naturforvaltning om å starte arbeidet med ein samordna forvaltningsplan for alle verneområda dei hadde forvaltningsmynde for.

Den kommande revisjonen vil ta utgangspunkt i dei forvaltningsplanane som alt eksisterar. For Frafjordheiane landskapsvernområde, Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde som har relativt nye og omfattande forvaltningsplanar (2007 og 2003), vil truleg revisjonen bli mindre omfattande. Dei eksisterande forvaltningsplanane for Vormedalsheia og Lusaheia landskapsvernområder er frå 1993, og har behov for ein omfattande revisjon. Her har ein likevel eit godt utgangspunkt ettersom Hjelmeland kommune utarbeida eit framlegg til reviderte planar i 2007. Dyraheio og Kvanndalen landskapsvernområder og Holmevassåno biotopvernområde har ein forvaltningsplan frå 1993 som må reviderast fullstendig.

## Om forvaltningsplanen

Ein forvaltningsplan skal være eit praktisk hjelpemiddel i den daglege forvaltninga, og skal fungere som eit opplagsverk både for søkarar og forvaltarar. Den overordna målsettinga med forvaltningsplanen er å ta vare på verneverdiane, både gjennom å beskytta dei mot uønskja inngrep og gjennom å legge til rette for aktivitet som fremmer verneverdiane. Eit anna formål med forvaltningsplanen er å gi rammene for ein heilskapleg og forutsigbar forvaltning den kommande tiårs perioden (2015-2025). Gjennom å utarbeide klare reglar for forvaltningspraksis og sakahandsaming, håpar ein både å bidra til å dempe konflikhtar og å sikre at ein unngår tilfeldige avgjersler som kan skade verneverdiane.

Forvaltningsplanen kan ikkje gå utover rammene som er gjevne i dei ulike verneføreskriftene og naturmangfaldlova, og retningslinene i planen kan ikkje vera strengare eller lempelegare enn det som er heimla i verneføreskriftene. Forvaltningsplanen skal derimot gje retningslinjer for korleis verneføreskriftene skal tolkast og omsettast i ein konkret forvaltningspraksis. Forvaltningsplanen er eit rådgjevande dokument, og er ikkje juridisk bindande bortsett frå der verneføreskriftene visar direkte til forvaltningsplanen. Likevel vil både føreslegne tiltak og konkrete avvegingar i forvaltningsplanen kunne ha direkte følgjer for grunneigarar og rettshavarar. I slike tilfelle kan ein klage på godkjenningsvedtaket av planen etter forvaltningslova.

Sjølve forvaltningsplanen vil truleg få dette oppsettet: (etter Direktoratet for naturforvaltning)

**1. Innleiing** (felles for alle verneområda)

Bakgrunn for og formål med planen, gjennomgang av forvaltningsordning, verneform og eigeomsforhold

**2. Kunnskapsstatus** (eigen del for dei ulike verneområda)

Gjennomgang av verneverdiar, konkretisering av verneformål, oversikt over trugsmål mot verneverdiane, behov for kartlegging, skjøtsel, tilrettelegging og informasjon

**3. Brukarinteresser og vernereglar** (eigen del for dei ulike verneområda)

Presentere dei viktigaste brukarinteressene (landbruk, kraftproduksjon, friluftsliv m.v.)

Gje retningsliner for forvaltninga av dei viktigaste brukarinteressene på grunnlag av verneverdiar og verneføreskriftar

**4. Sakshandsamingsrutinar** (felles for alle verneområda)

Sakshandsaming og vedtaksprosessar, søknadsprosessar og søknadsskjema, rapporteringsrutinar, klagerett og klagerutinar

**5. Andre forvaltningsoppgåver** (felles for alle verneområda)

Planar for oppsyn, informasjon, tilrettelegging, overvakning / kartlegging, skjøtsel

**6. Vedlegg** (eigen del for dei ulike verneområda)

Verneføreskrifter, temakart, bevaringsmål, tiltaksplan, skjøtelsplanar

## Organisering av arbeidet

Mykje av det daglege arbeidet med forvaltningsplanen blir lagt til ei **Prosjektgruppe**. Denne gruppa som består av medlemmane i arbeidsutvalet og forvaltningssekretariatet, vil mellom anna få ansvaret får å skrive og utforme forvaltningsplanen, syte for framdrift i prosessen og å syte for dialog med involverte partar. Verneområdeforvaltar Alf Odden vil stå for mykje av det praktiske skrivearbeidet.

Verneområdestyret vil utgjere ei **Styringsgruppe** for arbeidet med forvaltningsplanen. Dei vil ha det overordna og formelle ansvaret for både prosessen og plandokumentet. Styringsgruppa vil få ein framdriftsrapport frå Prosjektgruppa minst to gonger i året.

**Fagleg rådgjevande utval** som består av representantar for viktige brukarinteresser i SVR vil ha eit dialogmøte med Styringsgruppa minst to gonger i året.

**Administrativt kontaktutval** som består av administrativt tilsette i kommunane, vil ha møte med representantar for Prosjektgruppa minst ein gong i året.

I tillegg vil representantar for Prosjektgruppa ha møter med kommunar, organisasjonar og tilsynsutval gjennom heile prosessen.

## Prosess

Den overordna målsettinga med prosessen er å sikre ein god dialog og ein god flyt av informasjon til alle involverte partar.

### Innleiande drøftingar

Forvaltningssekretariatet har allereie hatt drøftingsmøte med Fylkesmennene om korleis tunge tema som motorferdsle og byggetiltak skal handsamast i den nye forvaltningsplanen. Det er allereie utarbeida utkast til forvaltningspraksis og sakshandsamingsrutinar på desse områda. Desse utkasta er og diskutert med styret, fagleg rådgjevande utval og administrativt kontaktutval i oktober 2012. Problemstillingar knytt til framtidig forvaltningspraksis for motorferdsle og byggetiltak, vil og bli drøfta i møte med kommunar, tilsynsutval og andre involverte partar våren 2013.

### Oppstartsmelding

Prosjektgruppa tek sikte på å sende ut ei Oppstartsmelding for arbeidet med revidering av forvaltningsplanen 1 februar 2013. Oppstartsmeldinga vil bli sendt ut til alle grunneigarar og kommunar, samt bedrifter, lag og organisasjonar som har verksemd i verneområda.

### Møteverksemd i samband med Oppstartsmeldinga

I tidsrommet februar – mai 2013 tek forvaltningssekretariatet sikte på å ha møte med alle kommunane. Det vil og bli arrangert ein open kontordag i kvar kommune, kor ein verneområdeforvaltar vil være tilgjengeleg for dei som ønskjer eit møte. Datoane for desse kontordagane vil bli annonsert i lokalavisene og er lista opp på siste side i denne Oppstartsmeldinga. Ein har og oppretta eigne nettsider om forvaltningsplanen under hovudsida [www.svr.no](http://www.svr.no). Her vil ein fortløpande legge ut saksdokument og annan naudsynt informasjon.

### Innhenting av nytt kunnskapsgrunnlag

Det ligg føre mykje kunnskap om både verneverdiar og naturinngrep i SVR områda, men kunnskapen er samla inn over lang tid og av mange ulike aktørar. Ein har derfor ikkje klar ei endeleg oversikt over behovet for ny kunnskap i samband med utarbeiding av forvaltningsplanen. For tre tema er det allereie klart at ein må samle inn meir kunnskap.

1. Kartlegging av verneverdiar og skjøtselsbehov knytt til stølsområda i alle verneområda
2. Kartlegging av botaniske verneverdiar knytt til kalkrike område i Hjelmeland, Suldal og Bykle
3. Kartlegging av eksisterande bygningar i alle verneområda, i høve til funksjon, alder, storleik og kulturhistorisk verneverdi

Desse kartleggingane vil bli sett i gang sommaren 2013.

### Høyringsutkast

Når det ligg føre eit utkast til forvaltningsplan hausten 2013, skal dette sendast ut på ei omfattande høyring. Ein må og legge opp til ei rommelig høyringsfrist. Hovudtyngda av informasjonsmøte vil komme nå som det ligg føre eit konkret diskusjonsgrunnlag. Det bør arrangerast eit ope folkemøte i kvar kommune, og prosjektgruppa bør ha eit nytt møte med alle kommunane og alle viktige organisasjonar og utval.

## Framdriftsplan

Med utgangspunkt i prosessen som er skissert over, og erfaringane med forvaltningsplanarbeidet i andre verneområde, har ein kome fram til denne framdriftsplanen.

Kva skjer	Ansvarleg	Månad	År
Oppstartsmelding – utsending til alle aktuelle parter	Prosjektgruppa	Februar	2013
Møter, kommunar, råd og utval, organisasjonar, opne kontordagar	Prosjektgruppa	Februar - April	2013
Høyringsfrist - Oppstartsmelding	Prosjektgruppa	Mai	2013
Arbeid med planen	Prosjektgruppa	Februar - Oktober	2013
Innhenting av nytt kunnskapsgrunnlag	Innleidde konsulentar	Juni – Desember	2013
Faglig gjennomgang av utkast til plan	Direktoratet for naturforvaltning	Oktober – Desember	2013
Høyring av planutkast	Verneområdestyret	Februar	2014
Møter, kommunar, råd og utval, organisasjonar, opne møte i kommunane	Prosjektgruppa	Februar - Mai	2014
Høyringsfrist – Utkast til plan	Prosjektgruppa	Mai	2014
Innarbeiding av høyringsuttaler	Prosjektgruppa	Juni - September	2014
Godkjenning av forvaltningsplan	Direktoratet for naturforvaltning	September - November	2014
Trykking og utsending av forvaltningsplanen	Verneområdestyret	Desember	2014

## Opne kontordagar i Rogaland våren 2013

Dei opne kontordagane er eit tilbod til dei som ønskjer eit møte med ein av verneområdeforvaltarane, for å prate om erfaringar med den eksisterande forvaltningsplanen eller kome med innspel til den nye. Det er sjølvsagt og høve til å ta opp tema som her med verneområda å gjere.

Kommune	Stad	Dato	Tidspunkt
Suldal	Garaneset	18 mars	09.00 – 16.00
Hjelmeland	Kommunehuset	19 mars	09.00 – 16.00
Forsand	Kommunehuset	20 mars	09.00 – 16.00
Gjesdal	Kommunehuset	21 mars	09.00 – 16.00

Med venleg helsing

Alf Odden  
Verneområdeforvaltar SVR